



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/3176 - 18/32909

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
01.11.2018

Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 245/9 Kvamme

Tiltak: ombygging/tilbygg er til endra bruk
Byggjestad: Gbnr: 245/9 Stranda 170
Tiltakshavar: Gunnar Petter Olsmo
Ansvarleg søker: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 28.08.2018.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i arealdelen av kommuneplanen (KPA) 2011-2023 er definert som LNF. Eigedommen ligg innafor 100-meters beltet mot sjø.

Skred/rasutsatt område

Eigedommen ligg i utløpsområde for snøskred og aktsomhetsområde for jord- og flomskred. Tilbygget er vesentleg endring av bruken av naust/hytte. Ved evt. søknad om rammeløyve vert det vurdert om det skal stillast krav om geologisk undersøkelse for å undersøke skredfaren.

Vatn

Fritidsbustad på parsell B har innlagt vatn frå brønn frå eige borehol. Naust/hytte på parsell A ønskjer å nytte dette. Det er ikkje dokumentert kvalitet og mengde på vatnet. Ved ein evt. byggjesak vert det satt krav til tilstrekkeleg og hygienisk betryggande drikkevatn for fritidsbustad på parsell B og naust/hytte på både parsell A.

Avløp

Fritidsbustad på parsell B har avløp for svartvatn som går til slamavskiljar med 2m³ tank og er ein del av Norva24 Vest si slamtømmeordning med slamavskiljar. Plassering av tank er ikkje vist på Norva24 sine nettsider. Det føreligg ikkje utsleppsløyve for fritidsbustaden i våre arkiv. Tiltakshavar har opplyst at begge parsellane med fritidsbustaden og naust/hytte nytta utedo før 1978 og slik vi forstår innlagt vatn frå eigen brønn. Frå 1978 vart fritidsbustaden på parsell B oppgradert med wc og dusj. Etterkvart fekk fritidsbustaden vatn frå eige borehol. Kommunen legg til grunn at utsleppet for fritidsbustaden er truleg



etablert før 1972 og at det såleis er lovleg etablert utan søknad og løyve. Det er uendra bruk av avløp for fritidsbustad på parsell B.

Naust/hytte på parsell A har ikkje innlagt vatn eller avløp. Ved bruk av naust/hytte nyttar dei wc i fritidsbustad. I føreliggjande søknad om ombygging/tilbygg til naust/hytte er det søkt om wc, bad og kjøkken i tilbygget. Innlagt vatn og wc krev utvida utsleppsløyve samt avløpsløysning som tek utgangspunkt i dagens regelverk. Dette er vesentleg endra bruk av naust/hytte på parsell A. Kommunen godkjenn ikkje tett tank med dagens regelverk. Kommunen godkjenn ikkje at hytte/naust på parsell A koplar seg på slamavskiljaren på 2m³ som fritidsbustad på parsell B nyttar. I fritidsbustad har i dag krav til 5pe for slamavskiljar. Noverande slamavskiljar tilfredsstiller ikkje dagens krav til 10pe for 2 fritidsbustader.

Søknad om dispensasjon for ombygging/tilbygget krev nytt utsleppsløyve etter dagens regelverk, illustrert kva type reinseanlegg som er ønskjeleg, oppdatert situasjonskart som syner planlagt leidningstrasè samt start- og endepunkt for vatn- og avløp i sjø og nabovarsling av utsleppsøknad.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om utsleppsløyve etter dagens regelverk for naust/hytte nærmast sjøen på gbnr 245/9.
2. Illustrert kva type reinseanlegg som er ønskjeleg for gbnr 245/9.
3. Oppdatert situasjonskart som syner planlagt plassering av reinseanlegg, leidningstrasè samt start- og endepunkt for vatn- og avløp i sjø.
4. Nabovarsling av utsleppsøknad. Merk at naboar har 4 veker til å kome med merknadar til søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 14.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Bente Olsmo Høgheim	Sognefjordvegen 143	6863	LEIKANGER
Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
Gunnar Petter Olsmo	Hallandsvegen 20	6863	LEIKANGER
Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER
Lise Olsmo Oen	Hylsengane 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Kålås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
---------------	-----------------	------	-------------